

Eksamen

28.05.2024

REA3036 Biologi 2



Se eksamenstips på baksiden!

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	<p>Eksamen varer i 5 timar.</p> <p>Del 1 skal leverast inn etter 2 timar.</p> <p>Del 2 skal leverast inn seinast etter 5 timar.</p> <p>Du kan begynne å løyse oppgåvene i del 2 når som helst, men du kan ikkje bruke hjelpemiddel før etter 2 timar – etter at du har levert svara for del 1.</p>
Tillatne hjelpemiddel under eksamen	<p>Del 1: skrivesaker og linjal</p> <p>Del 2: Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillatne. Du kan ikkje bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarande teknologi.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Vedlegg 1 Kodon for dei ulike aminosyrene</p> <p>Vedlegg 2 Eige svarskjema for oppgåve 2</p>
Vedlegg som skal leverast inn	<p>Vedlegg 2 Eige svarskjema for oppgåve 2 finn du lengst bak i oppgåvesettet.</p>

<p>Informasjon om fleirvalsoppgåva</p>	<p>Oppgåve 2 har 20 fleirvalsoppgåver med fire svaralternativ: A, B, C og D.</p> <p>Det er berre eitt rett svaralternativ for kvar fleirvalsoppgåve. Blankt svar tel som feil svar. Dersom du er i tvil, bør du derfor skrive det svaret du meiner er mest korrekt. Du kan berre svare med eitt svaralternativ: A, B, C <i>eller</i> D.</p> <p>Døme</p> <p>Her ser du fire ulike livsstrategiar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 kort generasjonstid 2 inga yngelpleie 3 få avkom 4 gjenteken reproduksjon <p>Kva livsstrategiar beskriv best ein K-selektert art?</p> <ol style="list-style-type: none"> A strategi 1 og 2 B strategi 1 og 4 C strategi 2 og 3 D strategi 3 og 4 <p>Dersom du meiner svaralternativ D er korrekt, skriv du «D» på svararket i vedlegg 2.</p> <p>Skriv svara for oppgåve 2 i svarskjemaet i vedlegg 2, som ligg heilt til sist i oppgåvesettet. Svarskjemaet skal rivast laus frå oppgåvesettet og leverast inn. Du skal altså ikkje levere inn sjølve eksamensoppgåva med oppgåveteksten.</p>
<p>Informasjon om vurderinga</p>	<p>Karakteren ved sluttvurderinga blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering av eksamenssvaret. Del 1 vil telje omtrent 40 prosent, og del 2 vil telje omtrent 60 prosent. I del 1 tel oppgåve 1 og oppgåve 2 omtrent like mykje. I del 2 tel kvar deloppgåve omtrent like mykje.</p> <p>Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.</p>
<p>Kjelder</p>	<p>Sjå kjeldeliste side 53.</p> <p>Figurane i oppgåve 1d, fleirval 1, fleirval 6, fleirval 12, fleirval 16, oppgåve 3 og oppgåve 5 er laga i Biorender. Andre grafar, bilete og figurar: Utdanningsdirektoratet.</p>

Del 1

Oppgåve 1


**Skriv korte svar på oppgåve 1a, 1b, 1c og 1d.
Kvart svar skal ikkje vere på meir enn éi A4-side.**

- a) Ta utgangspunkt i feltarbeidet ditt. Beskriv ein metode du brukte for å utforske artsmangfaldet i økosystemet, og gjer greie for resultatata.
- b) Nokre elevar utforska verkemåten til eit enzym. Fire reagensglas blei tilsette lik mengd substrat og lik mengd enzym. Innhaldet i glasa hadde ulik pH-verdi. Elevane målte konsentrasjonen av produktet, og dei gjennomførte forsøket fire gonger. Tabellen viser resultatata.

		Konsentrasjonen av produktet (mg/mL)				
Reagensglas	pH	Forsøk 1	Forsøk 2	Forsøk 3	Forsøk 4	Gjennomsnitt forsøk 1–4
1	6,5	298	287	290	301	294
2	6,7	349	356	352	359	354
3	6,9	356	370	365	369	365
4	7,1	351	371	366	364	363

- 1 Formuler ein hypotese som kan testast med dataa frå forsøket.
 - 2 Elevane vil finne ut meir om verkemåten til dette enzymet. Foreslå korleis dei kan utvide forsøket med fire glas. Grunngi svaret.
- c) Drøft ein interessekonflikt som har å gjere med forvaltninga av ein populasjon.

d) Figuren illustrerer delar av CRISPR-metoden.




Gjer greie for CRISPR-metoden, og nemn kva pilene 1–3 peikar på.

Oppgave 2 Fleirvalsoppgåver

Skriv svara for oppgave 2 på eige svarskjema i vedlegg 2.

(Du skal altså *ikkje* levere inn sjølve eksamensoppgåva med oppgåveteksten.)

- 1 I eit forsøk blei verknaden av eit antibiotikum undersøkt. Petriskåler med same vekstmedium og same bakteriekultur blei tilsette same antibiotikum. Figuren illustrerer ei av skålene.



Kva for eit kontrollforsøk bør vi gjennomføre?

- A Vi bør gjenta forsøket, men utan bakteriar.
- B Vi bør gjenta forsøket, men utan antibiotikum.
- C Vi bør gjenta forsøket, men bruke eit anna antibiotikum.
- D Vi bør gjenta forsøket, men bruke eit anna vekstmedium.


- 2 I eit forsøk blei produksjonen av mjølkesyre i dyreceller undersøkt. Det blei brukt fire reagensglas med likt tal på dyreceller og lik konsentrasjon av glukose. Temperaturen og oksygeninnhaldet varierte slik tabellen viser.

Reagensglas	Temperatur (°C)	Oksygeninnhald (%)
1	18	20
2	37	20
3	37	5
4	75	5


Kva for eit reagensglas hadde høgast konsentrasjon av mjølkesyre?

- A reagensglas 1
- B reagensglas 2
- C reagensglas 3
- D reagensglas 4

3 Kurvene viser korleis fødsels- og dødsraten endrar seg over tid i ein populasjon.




Nedanfor ser du fire moglege vekstkurver for populasjonen.



Kva for ei kurve viser best korleis populasjonsstorleiken endrar seg over tid?

- A kurve 1
- B kurve 2
- C kurve 3
- D kurve 4

4 Figuren illustrerer eit næringsnett.




Her ser du to påstandar om næringsnettet:

- 1 Den samla biomassen til populasjonane av polarlomvi, lomvi og ringsel er større enn den samla biomassen til populasjonane av sei og lodde.
- 2 Den lengste næringskjeda har seks ledd.

Kva for nokre påstandar (éin, to eller ingen) er rette?

- A berre påstand 1
- B berre påstand 2
- C begge påstandane
- D ingen av påstandane

- 5 Figuren illustrerer energistraumen gjennom eit økosystem. Alle tal har eininga kJ per m² per år.




Her ser du tre påstandar om energien i økosystemet:

- 1 Energien Z er 1000 kJ per m² per år.
- 2 Gjennom fotosyntesen bind produsentane årleg over 80 000 kJ per m².
- 3 Boks X illustrerer energien som blir overført til nedbrytarar, og boks Y illustrerer energien som blir frigitt i celleandinga.

Kva for nokre påstandar er rette?

- A påstand 1 og 2
- B påstand 2 og 3
- C påstand 1 og 3
- D alle påstandane

6 Figuren illustrerer ein prosess, og tala står for trinn i prosessen.



Kva påstand er rett?


- A Trinn 2 blir kalla calvinsyklusen, og O_2 blir brukt i trinn 3.
 - B Trinn 2 blir kalla calvinsyklusen, og CO_2 blir produsert i trinn 1.
 - C Trinn 2 blir kalla krebssyklusen, og O_2 blir brukt i trinn 3.
 - D Trinn 2 blir kalla krebssyklusen, og CO_2 blir produsert i trinn 1.
- 7 Figuren illustrerer ein reaksjonsveg der to enzym tek del og stoffet C er sluttproduktet.



Mengda av stoffet C blir regulert gjennom negativ tilbakekopling. Korleis skjer reguleringa?

- A Stoff A bind seg til enzym 1.
- B Stoff A bind seg til stoff C.
- C Stoff C bind seg til enzym 1.
- D Stoff C bind seg til stoff A.

8 Figuren illustrerer eit substrat, eit enzym og ein hemmar/inhibitor.




Her ser du tre påstandar om hemmaren:

- 1 Hemmaren er konkurrerende.
- 2 Hemmaren bind seg til det allosteriske setet.
- 3 Verknaden av hemmaren kan reduserast ved at ein tilfører meir substrat.

Kva for nokre påstandar (éin eller to) er rette?

- A berre påstand 1
- B berre påstand 2
- C påstand 1 og 3
- D påstand 2 og 3

- 9 Stoffet DCPIP blir brukt til å studere delar av fotosyntesen. Når DCPIP tek opp elektron, endrar stoffet farge frå blått til fargelaust.



Fire løysningar blei tilsette DCPIP og plasserte i lys eller i mørker. Tabellen viser innhaldet i løysningane og behandlinga.

Løysning	Innhaldet i løysninga	Behandling
1	DCPIP og kloroplastar	lys
2	DCPIP og kloroplastar utan tylakoidar	lys
3	DCPIP og kloroplastar	mørker
4	DCPIP og kloroplastar utan tylakoidar	mørker

Kva løysning blei fargelaust?

- A løysning 1
- B løysning 2
- C løysning 3
- D løysning 4


10 Her ser du fire påstandar om celleandinga:

- 1 FADH_2 inngår i krebssyklusen.
- 2 CoA / koenzym A inngår i glykolysen.
- 3 Vatn blir danna i den oksidative fosforyleringa.
- 4 Pyrodruesyre/pyruvat blir berre danna i aerob celleanding.

Kva påstandar er rette?

- A påstand 1 og 3
- B påstand 1 og 4
- C påstand 2 og 3
- D påstand 2 og 4


11 Figuren illustrerer anaerob celleanding.



Kva for nokre stoff står tala for?

- A 1 står for ATP, og 4 står for FADH_2 .
- B 1 står for ATP, og 3 står for etanol.
- C 2 står for pyrodruesyre/pyruvat, og 3 står for mjølkesyre.
- D 2 står for pyrodruesyre/pyruvat, og 4 står for NADH.

12 Figuren illustrerer delar av eit mRNA-molekyl før og etter ein mutasjon.



Korleis kan vi best beskrive konsekvensen av mutasjonen? Bruk vedlegg 1 når du svarer.

- A Mutasjonen gir eit stoppkodon.
- B Mutasjonen endrar leseramma.
- C Mutasjonen gir same aminosyre.
- D Mutasjonen medfører at arginin blir erstatta med serin.


13 Her ser du tre påstandar om genregulering:

- 1 Eit gen kan skruast av ved metylering.
- 2 Pre-mRNA kan spleisast på fleire måtar.
- 3 Epigenetisk genregulering endrar ikkje DNA-sekvensen.

Kva påstandar er rette?

- A berre påstand 1 og 2
- B berre påstand 1 og 3
- C berre påstand 2 og 3
- D alle påstandane


14 Figuren illustrerer førekomsten av to sjukdommar i same familie.



Kva sjukdommar (éin, to eller ingen) kan nedarvast recessivt og kjønnsbunde på X-kromosomet?

- A berre sjukdom 1
- B berre sjukdom 2
- C begge sjukdommane
- D ingen av sjukdommane

- 15 Figuren illustrerer korleis to gen påverkar fargen på frukta til squashplanta. Kvart gen har to allel/genvariantar.




Grøn squash blei kryssa med kvit squash. Avkomma var kvite eller gule.

Kva genotypar hadde foreldra?

- A aabb og AABB
- B aabb og AaBb
- C aabb og AABb
- D aabb og AaBB

16 Figuren illustrerer genterapi.



Kva for eit tal står for vektoren?

- A 1
- B 2
- C 3
- D 4

17 Her ser du fire påstandar:

- 1 Alle genmodifiserte organismar er tilførte andre gen.
- 2 Gendiagnostikk går ut på å fjerne eit mutert gen hos ein pasient.
- 3 I ein gelelektroforese vandrar DNA mot den positive polen.
- 4 I løpet av ein PCR-syklus blir temperaturen endra fleire gonger.

Kva påstandar er rette?


- A påstand 1 og 2
- B påstand 1 og 3
- C påstand 2 og 4
- D påstand 3 og 4

18 Følgjande to seleksjonsfaktorar påverkar talet på piggjar hos kaktus:

- Piggjar vernar mot planteetarar. Til fleire piggjar, til mindre sannsynleg at ein blir eten.
- Skadeinsekt legg egg på piggane, og larvane som klekkjer, et kaktusen. Til fleire piggjar, til fleire larvar et på kaktusen.

Ein populasjon kaktus har vore påverka av planteetarar over lang tid. Tenk deg at planteetarane forsvinn frå området samtidig som ein populasjon av skadeinsekt etablerer seg.


Figurane illustrerer moglege fordelingar av talet på piggjar hos kaktusane før planteetarane forsvann, og lenge etter at skadeinsekta etablerte seg.



Kva figur illustrerer rett fordeling?

- A figur A
- B figur B
- C figur C
- D figur D


- 19 Kurva viser endringar i talet på individ over tid i ein populasjon. Fem tidspunkt P–T er markerte.



Kva for ei endring kan gi flaskehalseffekt?

- A endringa mellom tidspunkta P og Q
- B endringa mellom tidspunkta Q og R
- C endringa mellom tidspunkta R og S
- D endringa mellom tidspunkta S og T

20 Figuren illustrerer eit slektskapstre/fylogenetisk tre.



Her ser du to påstandar om slektskapstreet:

- 1 Art J og art K har omtrent like mange felles gen som art G og art H.
- 2 Det er meir sannsynleg at det er prezygotiske barrierar/mekanismar mellom artane G og H enn mellom artane I og J.

Kva påstandar (éin, to eller ingen) er rette?


- A berre påstand 1
- B berre påstand 2
- C begge påstandane
- D ingen av påstandane

Del 2

Oppgave 3

I ein canadisk innsjø som oppstod for cirka 12 000 år sidan, lever to typar trepigga stingsild (*Gasterosteus aculeatus*). Den eine lever på botnen (botnlevande type), og den andre lever høgare oppe i vassmassane (pelagisk type). For 1000 år sidan innvandra den pelagiske typen frå havet til innsjøen, medan den botnlevande typen har levd der sidan innsjøen oppstod.

Dei to typane ser ulike ut, men dei har lik paringsåtferd og formeirar seg i same område. Fenotypen til hybridar mellom botnlevande og pelagisk stingsild er ein mellomting mellom dei to typane. Undersøkingar viser at 1–2 prosent av vaksne stingsild i innsjøen er hybridar. Hybridegg har like gode sjansar for å bli klekte som egg frå botnlevande og frå pelagisk stingsild.




Figur 1. Botnlevande og pelagisk stingsild

- Vurder kvifor prosentdelen hybridar er låg i den vaksne populasjonen.
- Forskarar trur at botnlevande og pelagisk stingsild vil utvikle seg til to artar. Drøft kva mekanismar for artsdanning som bidreg til dette.

Pitx1 er eit gen som er aktivt ved danninga av bukpiggar, kjeve og hypofyse. Det finst ulike transkripsjonsfaktorar som blir bundne til dei ulike DNA-sekvensane for å starte transkripsjon av genet.

Figur 2 illustrerer Pitx1-genet og DNA-sekvensane som regulerer genuttrykket.



Figur 2. Pitx1-genet og ulike DNA-sekvensar som regulerer genuttrykket

Berre somme stingsildar har bukpiggar. DNA-analysar viser at stingsild med og utan bukpiggar har lik baserekkefølge i Pitx1-genet.

- c) Stingsild utan bukpiggar har ein deleksjon i DNA-sekvensen som regulerer genuttrykket. Forklar kvifor dette hemmar produksjonen av protein i celler som danner bukpiggar, men ikkje produksjonen av protein i celler som danner kjeve og hypofyse.

Fem kryssingsforsøk blei gjennomførte for å undersøkje nedarvinga av eigenskapen bukpiggar. Tabellen viser talet på avkom med og utan bukpiggar.

Tabell 1. Resultata av kryssingsforsøka mellom foreldre med og utan bukpiggar


Kryssingsforsøk	Foreldre	Avkom	
		Med bukpiggar	Utan bukpiggar
1	Med bukpiggar × Utan bukpiggar	82	78
2	Med bukpiggar × Med bukpiggar	118	39
3	Utan bukpiggar × Utan bukpiggar	0	50
4	Med bukpiggar × Utan bukpiggar	74	0
5	Med bukpiggar × Med bukpiggar	90	0

- d) Bruk informasjonen i tabellen til å undersøkje om eigenskapen bukpiggar er dominant eller recessiv. Grunngi svaret.

Oppg ve 4

Somme stader blir elg f ra med t rka gras om vinteren. Formålet er   unng  at dei kryssar toglinjer og vegar for   finne mat. Tettleiken av elg aukar i omr da med f ringsplassar.

Figur 3 illustrerer eit utsnitt av eit n ringsnett.



Figur 3. Utsnitt av n ringsnett ( vst). Elg som et t rka gras (A). Elg som et bj rk (B). Kj ttmeis (C). Insektlarve (D)

- a) Forklar kvifor h gare tettleik av elg kan f re til nedgang i populasjonen av kj ttmeis. Bruk informasjon ovanfor n r du svarer.

Forskarar ville unders kje om f ring av elg p verkar populasjonsstorleiken til kj ttmeis, og dei formulerte f lgjande hypotese:

Vinterf ring av elg reduserer populasjonen av kj ttmeis.

For   teste hypotesen hengde forskarane opp fuglekasser til kj ttmeis i omr de med og utan vinterf ring av elg. Dei andre abiotiske og biotiske faktorane var like i omr da.


- b) Forklar kvifor forskarane ville halde andre abiotiske og biotiske faktorar like i omr da dei unders kte.

Forskarane talde både egg og flygedyktige kjøttmeisungar (ungane blir rekna som flygedyktige når dei forlét reiret), og dei målte massen til desse fugleungane. Tabell 2 viser resultat frå undersøkingane.

Gjennomsnittleg dekningsgrad er eit mål på kor mykje lauv det er på trea (altså jo meir lauv, dess høgare dekningsgrad), og forskarane bestemte dekningsgraden på ein skala frå 0 til 8, illustrert i figur 4.

Tabell 2. Registreringar av kjøttmeis i område med og utan vinterfôring av elg

Område med fôring av elg				Område utan fôring av elg			
Fugle- kasse nr.	Tal på egg	Andelen flyge- dyktige ungar	Gjennomsnittleg masse (g) til flygedyktige ungar	Fugle- kasse nr.	Tal på egg	Andelen flyge- dyktige ungar	Gjennomsnittleg masse (g) til flygedyktige ungar
1	8	0,75	14,9	1	8	0,75	15,3
2	11	0,64	15,1	2	7	0,86	15,0
3	9	0,67	15,3	3	9	0,78	14,7
4	9	0,78	15,1	4	8	0,75	15,3
5	10	0,70	15,0	5	9	0,67	15,2
6	8	0,75	14,8	6	7	0,71	15,2
7	7	0,57	15,4	7	12	0,75	14,9
8	9	0,67	15,5	8	11	0,73	15,1
9	10	0,80	15,2				
10	10	0,60	14,9				
11	12	0,58	15,1				



Figur 4. Gjennomsnittleg dekningsgrad av lauv på trea i område med og utan vinterfôring av elg

- c) Blir hypotesen (*Vinterfôring av elg reduserer populasjonen av kjøttmeis.*) styrkt eller svekt? Bruk tabell 2 og figur 4, og gjer nødvendige utrekningar. Bruk utrekningane i svaret.

Oppgave 5


Vassplanta andematbregne (*Azolla filiculoides*) lever i symbiose med ein nitrogenfikserande bakterie. I Asia blir ris dyrka saman med andematbregne.



Figur 5. Andematbregne

a) Forklar kvifor det er ein fordel å dyrke ris saman med andematbregne.

Figur 6 illustrerer ulike prosessar i cellene hos andematbregnen.



Figur 6. Forenkla skisse av prosessar i cellene

b) Bruk figur 6 når du svarer.

1 Kva for nokre stoff kan X og Y stå for?

2 Kva prosessar kan 1–5 stå for?

Andematbregne kan doble massen sin på under to dagar, og han treng ikkje jord å vekse i.

c) Vurder korleis dyrkinga av andematbregne kan påverke CO_2 -innhaldet i atmosfæren på kort og lang sikt. Bruk figur 6 og vis til prosessane.

Blank side

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer. Del 1 skal leveres inn etter 2 timer. Del 2 skal leveres inn senest etter 5 timer. Du kan begynne å løse oppgavene i del 2 når som helst, men du kan ikke bruke hjelpemidler før etter 2 timer – etter at du har levert svarene for del 1.
Tillatte hjelpemidler under eksamen	Del 1: skrivesaker og linjal Del 2: Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt. Du kan ikke bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.
Bruk av kilder	Dersom du bruker kilder i svaret ditt, skal du alltid føre dem opp på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal føre opp forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitater fra internett, skal du føre opp nøyaktig nettside og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1 Kodon for de ulike aminosyrene Vedlegg 2 Eget svarskjema for oppgave 2
Vedlegg som skal leveres inn	Vedlegg 2 Eget svarskjema for oppgave 2 finner du bakerst i oppgavesettet.

<p>Informasjon om flervalgsoppgaven</p>	<p>Oppgave 2 har 20 flervalgsoppgaver med fire svaralternativer: A, B, C og D.</p> <p>Det er bare ett riktig svaralternativ for hver flervalgsoppgave. Blankt svar teller som feil svar. Dersom du er i tvil, bør du derfor skrive det svaret du mener er mest korrekt. Du kan bare svare med ett svaralternativ: A, B, C eller D.</p> <p>Eksempel</p> <p>Her ser du fire ulike livsstrategier:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 kort generasjonstid 2 ingen yngelpleie 3 få avkom 4 gjentatt reproduksjon <p>Hvilke livsstrategier beskriver best en K-selektert art?</p> <ol style="list-style-type: none"> A strategi 1 og 2 B strategi 1 og 4 C strategi 2 og 3 D strategi 3 og 4 <p>Dersom du mener svaralternativ D er korrekt, skriver du «D» på svararket i vedlegg 2.</p> <p>Skriv svarene for oppgave 2 i svarskjemaet i vedlegg 2, som ligger helt til sist i oppgavesettet. Svarskjemaet skal rives løs fra oppgavesettet og leveres inn. Du skal altså ikke levere inn selve eksamensoppgaven med oppgaveteksten.</p>
<p>Informasjon om vurderingen</p>	<p>Karakteren ved sluttvurderingen blir fastsatt etter en helhetlig vurdering av besvarelsen. Del 1 vil telle omtrent 40 prosent, og del 2 vil telle omtrent 60 prosent. I del 1 teller oppgave 1 og oppgave 2 omtrent like mye. I del 2 teller hver deloppgave omtrent like mye.</p> <p>Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.</p>
<p>Kilder</p>	<p>Se kildelista på side 53.</p> <p>Figurene i oppgave 1d, flervalg 1, flervalg 6, flervalg 12, flervalg 16, oppgave 3 og oppgave 5 er laget i Biorender. Andre grafer, bilder og figurer: Utdanningsdirektoratet.</p>

Del 1

Oppgave 1


**Skriv korte svar på oppgave 1a, 1b, 1c og 1d.
Hvert svar skal ikke være på mer enn én A4-side.**

- a) Ta utgangspunkt i feltarbeidet ditt. Beskriv en metode du brukte for å utforske artsmangfoldet i økosystemet, og gjør rede for resultatene.
- b) Noen elever utforsket virkemåten til et enzym. Fire reagensglass ble tilsatt lik mengde substrat og lik mengde enzym. Innholdet i glassene hadde ulike pH-verdi. Elevene målte konsentrasjonen av produktet, og de gjennomførte forsøket fire ganger. Tabellen viser resultatene.

Reagensglass	pH	Konsentrasjonen av produktet (mg/mL)				
		Forsøk 1	Forsøk 2	Forsøk 3	Forsøk 4	Gjennomsnitt forsøk 1–4
1	6,5	298	287	290	301	294
2	6,7	349	356	352	359	354
3	6,9	356	370	365	369	365
4	7,1	351	371	366	364	363

- 1 Formuler en hypotese som kan testes med dataene fra forsøket.
 - 2 Elevene vil finne ut mer om virkemåten til dette enzymet. Foreslå hvordan de kan utvide forsøket med fire glass. Begrunn svaret.
- c) Drøft en interessekonflikt som har å gjøre med forvaltningen av en populasjon.

d) Figuren illustrerer deler av CRISPR-metoden.




Gjør rede for CRISPR-metoden, og nevnt hva pilene 1–3 peker på.

Oppgave 2 Flervalgsoppgaver

Skriv svarene for oppgave 2 på eget svarskjema i vedlegg 2.

(Du skal altså *ikke* levere inn selve eksamensoppgaven med oppgaveteksten.)

- 1 I et forsøk ble virkningen av et antibiotikum undersøkt. Petriskåler med samme vekstmedium og samme bakteriekultur ble tilsatt samme antibiotikum. Figuren illustrerer en av skålene.



Hvilket kontrollforsøk bør vi gjennomføre?

- A Vi bør gjenta forsøket, men uten bakterier.
- B Vi bør gjenta forsøket, men uten antibiotikum.
- C Vi bør gjenta forsøket, men bruke et annet antibiotikum.
- D Vi bør gjenta forsøket, men bruke et annet vekstmedium.


- 2 I et forsøk ble produksjonen av melkesyre i dyreceller undersøkt. Det ble brukt fire reagensglass med likt antall dyreceller og lik konsentrasjon av glukose. Temperaturen og oksygeninnholdet varierte slik tabellen viser.

Reagensglass	Temperatur (°C)	Oksygeninnhold (%)
1	18	20
2	37	20
3	37	5
4	75	5


Hvilket reagensglass hadde høyest konsentrasjon av melkesyre?

- A reagensglass 1
- B reagensglass 2
- C reagensglass 3
- D reagensglass 4

3 Kurvene viser hvordan fødsels- og dødsraten endres over tid i en populasjon.




Nedenfor ser du fire mulige vekstkurver for populasjonen.



Hvilken kurve viser best hvordan populasjonsstørrelsen endres over tid?

- A kurve 1
- B kurve 2
- C kurve 3
- D kurve 4

4 Figuren illustrerer et næringsnett.




Her ser du to påstander om næringsnettet:

- 1 Den samlede biomassen til populasjonene av polarlomvi, lomvi og ringsel er større enn den samlede biomassen til populasjonene av sei og lodde.
- 2 Den lengste næringskjeden har seks ledd.

Hvilke påstander (én, to eller ingen) er riktige?

- A bare påstand 1
- B bare påstand 2
- C begge påstandene
- D ingen av påstandene

- 5 Figuren illustrerer energistrømmen gjennom et økosystem. Alle tall har enheten kJ per m² per år.




Her ser du tre påstander om energien i økosystemet:

- 1 Energien Z er 1000 kJ per m² per år.
- 2 Gjennom fotosyntesen binder produsentene årlig over 80 000 kJ per m².
- 3 Boks X illustrerer energien som overføres til nedbrytere, og boks Y illustrerer energien som frigis i celleåndingen.

Hvilke påstander er riktige?

- A påstand 1 og 2
- B påstand 2 og 3
- C påstand 1 og 3
- D alle påstandene

6 Figuren illustrerer en prosess, og tallene står for trinn i prosessen.



Hvilken påstand er riktig?


- A Trinn 2 kalles calvinsyklusen, og O_2 blir brukt i trinn 3.
 - B Trinn 2 kalles calvinsyklusen, og CO_2 blir produsert i trinn 1.
 - C Trinn 2 kalles krebssyklusen, og O_2 blir brukt i trinn 3.
 - D Trinn 2 kalles krebssyklusen, og CO_2 blir produsert i trinn 1.
- 7 Figuren illustrerer en reaksjonsvei der to enzymer deltar og stoffet C er sluttproduktet.



Mengden av stoffet C reguleres gjennom negativ tilbakekobling. Hvordan skjer reguleringen?

- A Stoff A binder seg til enzym 1.
- B Stoff A binder seg til stoff C.
- C Stoff C binder seg til enzym 1.
- D Stoff C binder seg til stoff A.

8 Figuren illustrerer et substrat, et enzym og en hemmer/inhibitor.




Her ser du tre påstander om hemmeren:

- 1 Hemmeren er konkurrerende.
- 2 Hemmeren binder seg til det allosteriske setet.
- 3 Virkningen av hemmeren kan reduseres ved at man tilfører mer substrat.

Hvilke påstander (én eller to) er riktige?

- A bare påstand 1
- B bare påstand 2
- C påstand 1 og 3
- D påstand 2 og 3

- 9 Stoffet DCPIP brukes til å studere deler av fotosyntesen. Når DCPIP tar opp elektroner, endrer stoffet farge fra blått til fargeløst.



Fire løsninger ble tilsatt DCPIP og plassert i lys eller i mørke. Tabellen viser innholdet i løsningene og behandlingen.

Løsning	Innholdet i løsningen	Behandling
1	DCPIP og kloroplaster	lys
2	DCPIP og kloroplaster uten tylakoider	lys
3	DCPIP og kloroplaster	mørke
4	DCPIP og kloroplaster uten tylakoider	mørke

Hvilken løsning ble fargeløs?

- A løsning 1
- B løsning 2
- C løsning 3
- D løsning 4


10 Her ser du fire påstander om celleåndingen:

- 1 FADH_2 inngår i krebssyklusen.
- 2 CoA / koenzym A inngår i glykolysen.
- 3 Vann dannes i den oksidative fosforyleringen.
- 4 Pyrodruesyre/pyruvat dannes bare i aerob celleånding.

Hvilke påstander er riktige?

- A påstand 1 og 3
- B påstand 1 og 4
- C påstand 2 og 3
- D påstand 2 og 4


11 Figuren illustrerer anaerob celleånding.



Hvilke stoffer står tallene for?

- A 1 står for ATP, og 4 står for FADH_2 .
- B 1 står for ATP, og 3 står for etanol.
- C 2 står for pyrodruesyre/pyruvat, og 3 står for melkesyre.
- D 2 står for pyrodruesyre/pyruvat, og 4 står for NADH.

12 Figuren illustrerer deler av et mRNA-molekyl før og etter en mutasjon.



Hvordan kan vi best beskrive konsekvensen av mutasjonen? Bruk vedlegg 1 når du svarer.

- A Mutasjonen gir et stoppkodon.
- B Mutasjonen endrer leserammen.
- C Mutasjonen gir samme aminosyre.
- D Mutasjonen medfører at arginin erstattes med serin.


13 Her ser du tre påstander om genregulering:

- 1 Et gen kan skrus av ved metylering.
- 2 Pre-mRNA kan spleises på flere måter.
- 3 Epigenetisk genregulering endrer ikke DNA-sekvensen.

Hvilke påstander er riktige?

- A bare påstand 1 og 2
- B bare påstand 1 og 3
- C bare påstand 2 og 3
- D alle påstandene


14 Figuren illustrerer forekomsten av to sykdommer i samme familie.



Hvilke sykdommer (én, to eller ingen) kan nedarves recessivt og kjønnsbundet på X-kromosomet?

- A bare sykdom 1
- B bare sykdom 2
- C begge sykdommene
- D ingen av sykdommene

15 Figuren illustrerer hvordan to gener påvirker fargen på frukten til squashplanten. Hvert gen har to alleler/genvarianter.




Grønn squash ble krysset med hvit squash. Avkommene var hvite eller gule.

Hvilke genotyper hadde foreldrene?

- A $aabb$ og $AABB$
- B $aabb$ og $AaBb$
- C $aabb$ og $AABb$
- D $aabb$ og $AaBB$

16 Figuren illustrerer genterapi.



Hvilket tall står for vektoren?

- A 1
- B 2
- C 3
- D 4

17 Her ser du fire påstander:

- 1 Alle genmodifiserte organismer er tilført andre gener.
- 2 Gendiagnostikk går ut på å fjerne et mutert gen hos en pasient.
- 3 I en gelelektroforese vandrer DNA mot den positive polen.
- 4 I løpet av en PCR-syklus endres temperaturen flere ganger.

Hvilke påstander er riktige?

- A påstand 1 og 2
- B påstand 1 og 3
- C påstand 2 og 4
- D påstand 3 og 4


18 Følgende to seleksjonsfaktorer påvirker antallet pigger hos kaktus:

- Pigger beskytter mot planteetere. Jo flere pigger, jo mindre sannsynlig at man blir spist.
- Skadeinsekter legger egg på piggene, og larvene som klekker, spiser kaktusen. Jo flere pigger, jo flere larver spiser på kaktusen.

En populasjon kaktus har vært påvirket av planteetere over lang tid. Tenk deg at planteeterne forsvinner fra området samtidig som en populasjon av skadeinsekter etablerer seg.

Figurene illustrerer mulige fordelinger av antall pigger hos kaktusene før planteeterne forsvant, og lenge etter at skadeinsektene etablerte seg.


- - - - Før planteeterne forsvant
———— Etter at skadeinsekter etablerte seg



Hvilken figur illustrerer riktig fordeling?

- A figur A
- B figur B
- C figur C
- D figur D


19 Kurven viser endringer i antallet individer over tid i en populasjon. Fem tidspunkter P–T er markert.



Hvilken endring kan gi flaskehalseffekt?

- A endringen mellom tidspunktene P og Q
- B endringen mellom tidspunktene Q og R
- C endringen mellom tidspunktene R og S
- D endringen mellom tidspunktene S og T

20 Figuren illustrerer et slektskapstre/fylogenetisk tre.



Her ser du to påstander om slektskapstreet:

- 1 Art J og art K har omtrent like mange felles gener som art G og art H.
- 2 Det er mer sannsynlig at det er prezygotiske barrierer/mekanismer mellom artene G og H enn mellom artene I og J.

Hvilke påstander (én, to eller ingen) er riktige?


- A bare påstand 1
- B bare påstand 2
- C begge påstandene
- D ingen av påstandene

Del 2

Oppgave 3

I en canadisk innsjø som oppsto for cirka 12 000 år siden, lever to typer trepigget stingsild (*Gasterosteus aculeatus*). Den ene lever på bunnen (bunnlevende type), og den andre lever høyere opp i vannmassene (pelagisk type). For 1000 år siden innvandret den pelagiske typen fra havet til innsjøen, mens den bunnlevende typen har levd der siden innsjøen oppsto.

De to typene ser ulike ut, men de har lik paringsatferd og formerer seg i samme område. Fenotypen til hybrider mellom bunnlevende og pelagiske stingsild er en mellomting mellom de to typene. Undersøkelser viser at 1–2 prosent av voksen stingsild i innsjøen er hybrider. Hybridegg har like gode sjanser for å klekkes som egg fra bunnlevende og fra pelagisk stingsild.




Figur 1. Bunnlevende og pelagisk stingsild

- Vurder hvorfor andelen hybrider er lav i den voksne populasjonen.
- Forskere tror at bunnlevende og pelagisk stingsild vil utvikle seg til to arter. Drøft hvilke mekanismer for artsdannelse som bidrar til dette.

Pitx1 er et gen som er aktivt ved dannelsen av bukpigger, kjeve og hypofyse. Det finnes ulike transkripsjonsfaktorer som bindes til de ulike DNA-sekvensene for å starte transkripsjon av genet.

Figur 2 illustrerer Pitx1-genet og DNA-sekvensene som regulerer genuttrykket.



Figur 2. Pitx1-genet og ulike DNA-sekvenser som regulerer genuttrykket

Bare noen stingsilder har bukpigger. DNA-analyser viser at stingsild med og uten bukpigger har lik baserekkefølge i Pitx1-genet.

- c) Stingsild uten bukpigger har en deleksjon i DNA-sekvensen som regulerer genuttrykket. Forklar hvorfor dette hemmer produksjonen av protein i celler som danner bukpigger, men ikke produksjonen av protein i celler som danner kjeve og hypofyse.

Fem krysningsforsøk ble gjennomført for å undersøke nedarvingen av egenskapen bukpigger. Tabellen viser antallet avkom med og uten bukpigger.

Tabell 1. Resultatene av krysningsforsøkene mellom foreldre med og uten bukpigger


Krysningsforsøk	Foreldre	Avkom	
		Med bukpigger	Uten bukpigger
1	Med bukpigger × Uten bukpigger	82	78
2	Med bukpigger × Med bukpigger	118	39
3	Uten bukpigger × Uten bukpigger	0	50
4	Med bukpigger × Uten bukpigger	74	0
5	Med bukpigger × Med bukpigger	90	0

- d) Bruk informasjonen i tabellen til å undersøke om egenskapen bukpigger er dominant eller recessiv. Begrunn svaret.

Oppgave 4

Noen steder fôres elg med tørket gress om vinteren. Hensikten er å unngå at de krysser toglinjer og veier for å finne mat. Tettheten av elg øker i områdene med fôringsplasser.

Figur 3 illustrerer utsnitt av et næringsnett.



Figur 3. Utsnitt av næringsnett (øverst). Elg som spiser tørket gress (A). Elg som spiser bjørk (B). Kjøttmeis (C). Insektlarve (D).

- a) Forklar hvorfor høyere tetthet av elg kan føre til nedgang i populasjonen av kjøttmeis. Bruk informasjon ovenfor når du svarer.

Forskere ville undersøke om fôring av elg påvirker populasjonsstørrelsen til kjøttmeis, og de formulerte følgende hypotese:

Vinterfôring av elg reduserer populasjonen av kjøttmeis.

For å teste hypotesen hengte forskerne opp fuglekasser til kjøttmeis i områder med og uten vinterfôring av elg. De andre abiotiske og biotiske faktorene var like i områdene.


- b) Forklar hvorfor forskerne ønsket å holde andre abiotiske og biotiske faktorer like i områdene de undersøkte.

Forskerne telte både egg og flygedyktige kjøttmeisunger (ungene blir regnet som flygedyktige når de forlater reiret), og de målte massen til disse fugleungene. Tabell 2 viser resultater fra undersøkelsene.

Gjennomsnittlig dekningsgrad er et mål på hvor mye løv det er på trærne (altså jo mer løv, desto høyere dekningsgrad), og forskerne bestemte dekningsgraden på en skala fra 0 til 8, illustrert i figur 4.

Tabell 2. Registreringer av kjøttmeis i områder med og uten vinterfôring av elg

Områder med fôring av elg				Områder uten fôring av elg			
Fugle-kasse nr.	Antall egg	Andelen flygedyktige unger	Gjennomsnittlig masse (g) til flygedyktige unger	Fugle-kasse nr.	Antall egg	Andelen flygedyktige unger	Gjennomsnittlig masse (g) til flygedyktige unger
1	8	0,75	14,9	1	8	0,75	15,3
2	11	0,64	15,1	2	7	0,86	15,0
3	9	0,67	15,3	3	9	0,78	14,7
4	9	0,78	15,1	4	8	0,75	15,3
5	10	0,70	15,0	5	9	0,67	15,2
6	8	0,75	14,8	6	7	0,71	15,2
7	7	0,57	15,4	7	12	0,75	14,9
8	9	0,67	15,5	8	11	0,73	15,1
9	10	0,80	15,2				
10	10	0,60	14,9				
11	12	0,58	15,1				



Figur 4. Gjennomsnittlig dekningsgrad av løv på trærne i områder med og uten vinterfôring av elg

- c) Bli hypotesen (Vinterfôring av elg reduserer populasjonen av kjøttmeis.) styrket eller svekket? Bruk tabell 2 og figur 4, og gjør nødvendige utregninger. Bruk utregningene i svaret.

Oppgave 5


Vannplanten andematbregne (*Azolla filiculoides*) lever i symbiose med en nitrogenfikserende bakterie. I Asia dyrkes ris sammen med andematbregne.



Figur 5. Andematbregne

a) Forklar hvorfor det er en fordel å dyrke ris sammen med andematbregne.

Figur 6 illustrerer ulike prosesser i cellene hos andematbregnen.



Figur 6. Forenklet skisse av prosesser i cellene

b) Bruk figur 6 når du svarer.

1 Hvilke stoffer kan X og Y stå for?

2 Hvilke prosesser kan 1–5 stå for?

Andematbregne kan doble massen sin på under to dager, og den trenger ikke jord å vokse i.

c) Vurder hvordan dyrkingen av andematbregne kan påvirke CO₂-innholdet i atmosfæren på kort og lang sikt. Bruk figur 6 og vis til prosessene.

Kjelder/Kilder

Pedersen, S., Nilsen, E. B. & Andreassen, H. (2007). Moose winter browsing affects the breeding success of great tits. *Ecoscience* 14 (4)

Vedlegg 1 Kodon for dei ulike aminosyrene / Kodoner for de ulike aminosyrene

1. base	2. base				3. base
	U	C	A	G	
U	Fenylalanin	Serin	Tyrosin	Cystein	U
	Fenylalanin	Serin	Tyrosin	Cystein	C
	Leucin	Serin	Stopp	Stopp	A
	Leucin	Serin	Stopp	Tryptofan	G
C	Leucin	Prolin	Histidin	Arginin	U
	Leucin	Prolin	Histidin	Arginin	C
	Leucin	Prolin	Glutamin	Arginin	A
	Leucin	Prolin	Glutamin	Arginin	G
A	Isoleucin	Treonin	Asparagin	Serin	U
	Isoleucin	Treonin	Asparagin	Serin	C
	Isoleucin	Treonin	Lysin	Arginin	A
	Metionin	Treonin	Lysin	Arginin	G
G	Valin	Alanin	Asparaginsyre	Glycin	U
	Valin	Alanin	Asparaginsyre	Glycin	C
	Valin	Alanin	Glutaminsyre	Glycin	A
	Valin	Alanin	Glutaminsyre	Glycin	G

Tabellen viser kodon for dei ulike aminosyrene. AUG betyr start proteinsyntese og UAA, UAG og UCA betyr stopp proteinsyntese.

Tabellen viser kodon for de ulike aminosyrene. AUG betyr start proteinsyntese og UAA, UAG og UCA betyr stopp proteinsyntese.

Vedlegg 2 Svarskjema for oppgave 2 / Svarskjema for oppgave 2

Kandidatnummer: _____

Totalt tal på sider i svaret på del 1 /

Totalt antall sider i besvarelsen på del 1: _____

Oppgave 2 / Oppgave 2	Skriv <i>eitt</i> av svaralternativa A, B, C eller D her: / Skriv <i>ett</i> av svaralternativene A, B, C eller D her:
1	
2	
3	
4	
5	
6	
7	
8	
9	
10	
11	
12	
13	
14	
15	
16	
17	
18	
19	
20	

*Vedlegg 2 skal leverast kl. 11.00 saman med svaret for oppgave 1.
Vedlegg 2 skal leveres kl. 11.00 sammen med besvarelsen for oppgave 1.*

Tips til deg som akkurat har fått eksamensoppgåva:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

Tips til deg som akkurat har fått eksamensoppgaven:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!